



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: **17 DES 2010**
Vår ref.: NVE 200701013-17 ki/kima
Arkiv: 312 / 069.31Z
Dykkar dato: 1.6.2007
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kirsten Marthinsen
22 95 92 34

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Engesetelva kraftverk i Engesetelva, Gulen kommune, Sogn og Fjordane - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 1.6.2007.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Engesetelva kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngeving for løyvet er gitt i vedlagte KI - notat 34/2010 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld Engesetelva kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVEs sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Ole Per Schei i Seksjon for miljøtilsyn og Oddvar Indrebø i Seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971


Hovedkontor Drammensveien 211 Postboks 5091, Majorstuen 0301 OSLO	Region Midt-Norge Vestre Rosten 81 7075 TILLER Telefon: 72 89 65 50	Region Nord Kongens gate 14-18 Postboks 394 8505 NARVIK Telefon: 76 92 33 50	Region Sør Anton Jenssensgate 7 Postboks 2124 3103 TØNSBERG Telefon: 33 37 23 00	Region Vest Naustdalsvn. 1B Postboks 53 6801 FØRDE Telefon: 57 83 36 50	Region Øst Vangsveien 73 Postboks 4223 2307 HAMAR Telefon: 62 53 63 50
---	---	---	---	--	---


NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein måned i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan fåast ved å vende dykk til næraste tollstad.

Høvet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspenitanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Kirsten Marthinsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 2

Vassdragskonsesjon for Engesetelva kraftverk
KI-notat 34/2010

Adresseliste:

Navn	Adresse	
Småkraft AS	Postboks 7050	5020 BERGEN
Gulen kommune		5966 EIVINDVIK
Sogn og Fjordane Turlag	Postboks 10	6801 FØRDE
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset	6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020 BERGEN